



Voss herad

Voss ungdomsråd

Voss herad hausten 2026



Helsing frå ordførar Tonje Ljones Såkvitne

<https://youtube.com/shorts/4oYS2EWIpAQ>



Kva er eit ungdomsråd?

- Ungdomsrådet er ungdomane si eiga stemme inn i kommunen.
- Rådet får uttala seg om saker som er viktige for born og unge, og kan sjølv ta opp saker dei ynskjer å påverka.
- Ungdomsrådet har møte- og talerett i politiske organ og er ein viktig arena for medverknad og demokrati.
- Ungdomsrådet vert leia av ordførar og består av to representantar frå kvar av ungdomsskulane og dei to vidaregåande skulane + fem frie representantar.
- Å vera fri representant betyr at du ikkje representerer ein spesiell skule, du representerer ungdomane i Voss herad generelt. Målet med samansetninga i ungdomsrådet er at rådet skal bestå av ungdom med ulik bakgrunn, ulike interesser og erfaringar.
- Ungdomsrådet har om lag åtte møte i året. Møta varar vanlegvis rundt to timar, vert ofte haldne etter skuletid, og det vert servert mat.
- Du vert vald for 2 år om gongen.

Kvifor melda seg til ungdomsrådet?

Som medlem i ungdomsrådet får du mellom anna:

- vera med og påverka saker som er viktige for ungdom på Voss
- læra meir om demokrati, politikk og korleis kommunen fungerer
- få opplæring i rolla som ungdomsrådsmedlem
- delta på opplæringsdag i skuletida med godkjent fråvær
- møte andre engasjerte ungdomar frå heile heradet
- møtegodtgjersle for deltaking i møta

I år er det behov for fylgjande nye representantar i ungdomsrådet:

- Granvin ungdomsskule 1 representant og 1 vara
- Vossestrand ungdomsskule 1 representant og 1 vara
- Voss ungdomsskule 1 representant og 1 vara
- Voss gymnas 1 representant og 1 vara
- Voss vidaregåande skule 1 vara
- 2 frie representantar Dvs. ungdom som ikkje representerer ein bestemt skule, men ungdomane i Voss herad generelt.

Høyres dette interessant ut, vil du ha meir informasjon eller melda deg som kandidat til Voss ungdomsråd?

Ta kontakt med læraren din eller rådgjevar på skulen.

Ynskjer du meir informasjon, eller du vil melda deg som fri representant, kan du og ta direkte kontakt med Voss herad v/ Kristina Finne på tlf. 91142633 eller på e-post kristina.finne@voss.herad.no

FRIST FOR Å MELDA INN KANDIDATAR TIL UNGDOMSRÅDET ER 25.SEPTEMBER!